

Lindås kommune,  
Kvernhusmyrane 20,  
5914 Isdalstø.

<b>LINDÅS KOMMUNE</b>	
Klassering	
22 AUG 2017	
Ark.saksnr. 15/648	Løpenr.
Sakst.	Tilgangskode

Alversund 22. august 2017.

**Bygdebok for Alversund, søknad om godkjenning av fullfinansiering/framdrift og overføring av tilskotsmidlar. Tilleggsopplysningar i høve søknad av 14. juli 2017.**

Viser til samtale med Øyvind Stang i dag omkring budsjettering og framdrift.

Som omtalt i brev av 14.07.17 har arbeidsutvalet knytta til seg Anders Haugland, Ølen, som forfattar av bygdeboka. Haugland er pensjonist og har sett som vilkår at han får fordela arbeidet over 4 år med ca ½ årsverks arbeid pr. år. Han vil fakturere etter produksjon, gjerne kvartalsvis. Arbeidsavtale vil verta inngått straks godkjenning føreligg frå kommunen. Redaktørkostnadene som er dei største vil såleis fordela seg over åra 2017 til 2022. Årsbudsjett for produksjon av manus vil då truleg sjå slik ut, noko avhengig av oppstart:

	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Sum
Løn redaktør	100.000	370.000	380.000	390.000	200.000	70.000	1510.000
Andre kostn.	15.000	30.000	35.000	40.000	45.000	35.000	200.000
Eigeninnsats	50.000	150.000	150.000	100.000	150.000	50.000	650.000
<b>Sum</b>	<b>165.000</b>	<b>550.000</b>	<b>565.000</b>	<b>530.000</b>	<b>395.000</b>	<b>155.000</b>	<b>2360.000</b>

Finansiering som vist i brev av 14.07.2017.

Framlegget til budsjett er basert på ei stram styring av bokarbeidet og at m.a. dette med fritidseigedomar må gå ut. Anders Haugland har likevel gitt klart uttrykk for at bygdeboka skal nå vanleg god kvalitet etter dette opplegget.

Som nemnt tidlegare er ikkje kostnadene med trykking tatt inn i budsjettet. Her ligg ei klar forståing av at salsinntektene skal dekkja inn trykkekostnadene innan kort tid. Lågare trykkekostnader og forventta stor interesse for boka gjer at arbeidsgruppa ser for seg at mellomfinansiering av desse utgiftene skal kunna ordnast utan ytterlegare tilskot.

Arbeidsgruppa er no i gang med å organisera arbeidet gjennom eit lag og har knytta til seg revisor Oddvar Sundsbø i dette og registrering i Brønnøysund. Straks dette er ordna vil bankkonto verta opna og tilskot henta inn slik at arbeidet med bygdeboka kan ta til i haust.

Laget er eit prosjekt som vil verta lagt ned når bygdeboka er laga og økonomien er balansert. I vedtektene for laget vil m.a. slikt som mogeleg overskot verta fastlagt til oppfølging av bygdebok og til Lindås(Alver) kommune som største tilskotsytar.

Vonar dette kan vera eit opplegg som kan godkjennast. Høyrer gjerne frå dykk om det er ynskjeleg med ytterlegare opplysningar.

For arbeidsgruppa

  
Kåre Jordal

Klokkarstien 21, 5911 Alversund, mob.tlf.97711309, e-post: kjordal@online.no